Sak 7

Nominasjonsprosessen 2026

BAKGRUNN

Landsstyret har, 17.1.26, gjort følgande vedtak:

- Landsstyret oppfordrer lokal- og fylkeslagene til å jobbe systematisk med å nominere flere personer med bakgrunn fra fagbevegelsen høyt på lista ved lokal- og fylkestingsvalget 2027.
- Alle fylkeslag skal vedta prosess for og datoplan for nominasjonsarbeidet på fylkesårsmøtene 2026 og landsstyret oppfordrer partiets lokallag til å legge opp til prosesser hvor frister og mulighet for innspill er godt kommunisert til lokallagets medlemmer.
- Landsstyret oppfordrer partiets nominasjonskomiteer til å bruke notater om forventninger til kandidatene i nominasjonsarbeidet.
- Landsstyret oppfordrer nominasjonskomiteene til å delta på partiets skolering for nominasjonskomiteer.

Fylkesårsmøtet skal etter dette vedta mandat og tidsplan for nominasjonsprosessen, i tillegg til å vedta nominasjonskomite.

% Vedlagte dokument vedtatt av landsstyret, gir ein god gjennomgang av korleis nominasjonsprosessen bør foregå både i lokallaga og i fylkeslaget for å sikre ein god prosess og gode, førebudde kandidatar.

FYLKESÅRSMØTET 2025 – EVALUERING AV SISTE NOMINASJONSPROSESS

Vi gjennomførte ei grundig evaluering av siste nominasjonsprosess, som leda fram til stortingsvallista i 2025. Fylkesårsmøtet 2025 vedtok punkta under som har lagt føringar for forslaget til mandat og tidsplan for den komande nominasjonsprosessen.

«På bakgrunn av erfaringane vi gjorde oss i nominasjonsprosessen 2024 og tilbakemeldingane frå lokallag og nominasjonskomiteen ønsker fylkesårsmøtet at vi ved utarbeiding av mandat og tidsplan for komande prosessar sørger for å:

a) Starte prosessen så snart det er praktisk mogleg etter at fylkesårsmøtet er gjennomført
b) Ved tidlegare oppstart av nominasjonsarbeidet også vurdere om vi også kan klare å gjennomføre nominasjonsmøtet nokre veker tidlegare
c) Fylkessekretær fungerer også som sekretær for nominasjonskomiteen
d) Nominasjonsnemnda utarbeider eit fullstendig første listeforslag som blir sendt til høyring hos lokallaga, før endeleg listeforslag blir utarbeidd

e) *Dette punktet i mandatet blir vidareført: «Nominasjonskomiteen skal legge vekt på god kjønnsbalanse og god geografisk fordeling, der listeforslaget i størst mogleg grad skal spegle breidda og mangfaldet blant innbyggarane våre.»*
f) *Når lokallaga skal gi innspel må dei gi tilstrekkeleg og relevant informasjon om kandidatane. Alder, yrke, ønske om plass/reservasjon mot plass er minimum, i tillegg til argumentasjon rundt kvifor denne kandidaten bør stå på lista.»*

MANDAT FOR NOMINASJONSKOMITEEN I MØRE OG ROMSDAL SV 2026/2027

Nominasjonsprosessen skal sørge for at Møre og Romsdal SV stiller til fylkestingsvalet 2027 med gode kandidatar, som er klare til å gjere ein god jobb fram mot valet og som er er klare til å ta plass i fylkestinget.

Prosessen skal foregå i tråd med partiets vedtekter og landsstyrets vedtak om nominasjonsprosessen 2027. Nominasjonsprosessen skal gjennomførast slik at alle våre medlemmar og lokallag har moglegheit til å engasjere seg og kome med innspel, og slik kunne vere med på å bestemme kven som skal representere partiet på fylkestinget i perioden 2027-2031.

Det skal gis god og tidleg informasjon ut til lokallaga om prosessen og korleis spele inn forslag.

Nominasjonskomiteen skal legge vekt på god kjønnsbalanse, så langt som mogleg bør det vere annakvart kjønn på lista, og god geografisk fordeling. Listeforslaget skal i størst mogleg grad skal spegle breidda og mangfaldet blant innbyggerane våre. Det skal også arbeidast aktivt og systematisk for å finne personar med bakgrunn frå fagorganisasjonane.

Alle medlemmane i nominasjonskomiteen skal prioritere å delta på partiets skolering for nominasjonskomiteer

Dersom det ligg til rette for det kan nominasjonskomiteen foreslå tidlegnominasjon av toppkandidat. Dersom dette er aktuelt skal det bli kalt inn til nominasjonsmøte i tråd med reglane i våre nasjonale vedtekter og fylkeslaget sine vedtekter.

FORVENTNINGAR TIL KANDIDATANE

Alle kandidatane på lista representerer Møre og Romsdal SV, og det er forventa at dei deltek i valkampen og i utadretta aktivitet, som møter, dørbank, på stand mm i sitt distrikt.

Dei øvste kandidatane går inn i valkampgruppa. Det blir forventa at dei gjer ein særleg innsats i valkampen og også at dei driv valkamp i heile fylket.

Nominasjonskomiteen bør konkretisere forventningane til kandidatane i eit notat.

TIDSPLAN FOR NOMINASJONSPROSESSEN 2026

Tidsfrist 2026	AKTIVITET	ANSVAR
20. mars	Nominasjonskomiteen gjennomfører oppstartsmøte og lagar ei detaljert framdriftsplan for prosessen	Leiar i komiteen
April	Informasjon til alle medlemmar og lokallag om korleis fremme forslag til nominasjonskomiteen	FS
April	Alle frå vallista i forrige periode blir kontakta og spurt om dei ønskjer gjenval	Nom.kom.
Primo mai	Frist for svar om gjenval	Nom.kom
Mai	Nominasjonskomiteen tek stilling til om det ligg til rette for tidlegnominasjon av toppkandidat	Nom.kom
Mai	Interne prosessar og arbeid med intervjuguide Eventuelt involvere medlemmar og lokallag i tråd med vedtektene, dersom aktuelt å gjennomføre tidlegnominasjon	Nom.kom
20. juni	*Eventuelt tidlegnominasjonsmøte*	*FS*
30. juni	Frist for å sende inn forslag til kandidatar frå medlemmar og lokallaga	Alle
August - 15. september	Arbeid med intervju og vurdering av listesamansetting basert på eigne vurderingar og lokallaga sine innspel	Nom.kom
15. september	Listeforslag sendast på høyring i lokallaga	Nom.kom
20. september	Digitalt medlemsmøte, presentasjon av listekandidatar	FS
‘1. oktober	Frist å uttale seg om listeforslaget	Lokallaga
7. oktober	Frist for å avgi innstilling til valliste	Nom.kom
8. oktober	Listeforslaget blir offentleggjort	FS
	Innkalle til nom.møte i tråd med reglar og fristar i vedtektene	FS
7. november	Nominasjonsmøtet	FS